


Stølsmarka

Reguleringsplan for:

Gnr. 137 Bnr. 344, 693, 723 m.fl., Lindås kommune

Ard
arealplan



Ard

arealplan

Side | 1

Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen

FORSLAGSTILLER SI
PLANSKILDRING

Stølsmarka

gnr. 137, bnr. 344, 693, 723 m.fl.

LINDÅS KOMMUNE

Planid: 1263-201607
Saksnr.: 16/2472

Sist revidert: 16.08.2019

INNHALD

1	Samandrag	4
2	Nøkkelopplysningar	5
3	Bakgrunn for planarbeidet	5
3.1	Bakgrunn	5
3.2	Intensjonen med planforslaget	5
4	Planprosessen	5
4.1	Varsling	5
4.2	Merknader i samband med varsling	6
5	Gjeldande planstatus	7
5.1	Regionale planar / fylkes(del)planar	7
5.2	Kommuneplan/kommunedelplan	7
5.3	Reguleringsplanar	7
5.4	Eventuelle temaplanar	8
5.5	Statlege planretningslinjer	8
5.5.1	Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging	8
5.5.2	Statlege planretningslinjer for styrking av barn og unges interesser i planlegging	8
5.5.3	Statlege planretningslinjer for universell utforming	9
6	Skildring av planområdet	10
6.1	Lokalisering	10
6.2	Avgrensing	11
6.3	Tilstøytande areal sitt bruk/status	11
6.4	Eksisterande bygningar	11
6.5	Topografi/landskapstrekk	11
6.6	Soltilhøve	11
6.7	Vegetasjon, dyreliv og andre naturtilhøve	12
6.8	Grøne interesser	12
6.9	Kulturminne	12
6.10	Veg og trafikktilhøve	13
6.11	Støy	14
6.12	Offentleg kommunikasjon/ kollektivdekning	14
6.13	Energi, vatn og avlaup	15
6.14	Privat og offentleg servicetilbod	15
6.15	Risiko	15
6.16	Privatrechtslege bindingar	15
7	Utgreiing i hht. føreskrift om konsekvensutgreiingar	15
8	Skildring av planforslaget	17
8.1	Innleiing	17
8.2	Reguleringsføre mål	18
8.3	Byggeføre mål	18
8.4	Bygg anlegg	18
	Barnehage	18
8.5	Leik/uteopphald	19
8.6	Parkering/garasje(r)	20
8.7	Trafikkareal	21

8.7.1	Veg.....	21
8.7.2	Køyreveg.....	21
8.7.3	Fortau.....	21
8.7.4	Parkeringsplassar.....	21
8.8	Støytiltak.....	22
8.9	Avfallshandtering/miljøstasjon.....	22
8.10	Risiko.....	22
9	Konsekvensar av planforslaget.....	23
9.1	Overordna planar og vedtak.....	23
9.1.1	RPR og andre overordna planar.....	23
9.1.2	Kommuneplan.....	23
9.1.3	Kommunedelplan.....	23
9.2	Eksisterande reguleringsplanar.....	23
9.3	Estetikk.....	23
9.4	Universell utforming.....	24
9.5	Konsekvensar for naboar.....	25
9.6	Trafikk- og parkeringstilhøve.....	25
9.7	Kulturminne.....	25
9.8	Friluftaktivitet, naturområde, born og unge sine interesser i nærmiljøet.....	25
9.9	Privat og offentleg servicetilbod.....	25
9.10	Juridiske/økonomiske konsekvensar for kommunen.....	25
9.11	Infrastruktur.....	25
9.12	VA og energi.....	25
9.13	Naturmangfald.....	26
9.14	ROS-analyse.....	28
10	Merknadar.....	31
10.1	Samla merknadar.....	31
11	Forslagsstiller sin avsluttande kommentar.....	32

1 SAMANDRAG

Nordhordland Bibelsenter har sidan 1999 drive privatskule i Alvermarka. Nordhordland Bibelsenter kjøpte eigedomen der skulen ligg i 1991. Bygget på eigedomen, som tidlegare hadde vore nytta til butikk, vart då omgjort til forsamlingslokale. Bygget har soleis vore nytta til forsamlingslokale i 28 år. Denne bruken omfattar gudsteneste søndag formiddag, ungdomsarbeid kvar fredag, språkkafe, konfirmasjonar, bryllaup, 17.mai feiring, møtelokale for velforeining i området mm. I 1999 starta ein i tillegg med barneskule innanfor området. Eksisterande forsamlingslokalet vert i dag i hovudsak brukt til aktivitetsrom og aula for skulen. I planforslaget ynskjer ein blant anna å gjere dette lokalet om til klasserom for skulen som vil gje betre tilhøve for elevar og lærarar ved at ein kan få kan fleire/ større klasserom og grupperom, samt betre plass til kontor til lærarar og administrasjon. Nord i planområdet innanfor BU1 vil ein i planforslaget leggje til rette for ein ny fleirbrukshall. Fleirbrukshallen vil då dekke dei same behova som tidlegare forsamlingslokale har gjort. Samtidig vil fleirbrukshallen gje ein godkjend gymsal, garderobe og dusjanlegg, plass for storsamlingar i skulen, plass for foreldremøte, skulekjøkken/ kjøkken for valfaget kantine, foaje for bruk til eteplass og mingleplass for elevane. Ein vil i planforslaget såleis ikkje legge opp til ny eller auka drift/ bruk av området, men gje eksisterande skule betre arbeidstilhøve og tilbod. Bruken/ aktiviteten i skulebygga vert berre gjort om på/ flytta på innanfor tilgjengeleg areal og ein vil få meir areal slik at tilhøva for elevar og tilsette vert betre.

Side | 4

Ved Nordhordland Kristne Grunnskole er det i dag 40 årsverk. Elevtalet er rundt 120 men skulen har godkjenning for inntil 196 elevar. Antal elevar vil ikkje kome til å overstige 196 men sidan skulen har godkjenning for fleire elevar enn ein har i dag må ein ta høgde for at antal årsverk også vil auke. Ved berekning av parkeringsplassar til skulen vil det då vere naturleg å leggje seg på eit litt høgare antal årsverk enn ein har i dag og har valt å leggje seg på 50 årsverk . Grunna mange elevar med spesialbehov har skulen ein del fleire tilsette enn andre skular. Då Nordhordland Kristne Grunnskole er ein privatskule kjem borna tilreisande frå andre stader enn berre lokalt i Alvermarka. Det vil i praksis seie at det dagleg vil vere fleire born enn ved ein ordinær grunnskule som treng skyss til skulen og at dei reiser lengre enn det andre barneskuleborn vanlegvis gjer. Ved ulike aktivitetar på kveldstid vil det truleg vere noko større trong for parkeringsplassar enn det ein ser ved ei ordinær grunnskule av same grunn. For å sikre trygge gode høve for mjuke trafikkantar vert størstedelen av parkeringa tilrettelagt lengst vekk frå skulen/barnehagen på SPP2 ved området BUT. Tilsvarande vert talet på parkeringsplassar oppe ved skulen og barnehagen redusert. Til dagleg vil det vere dei som skal nytte tilbodet i barnehagen som kjem til å nytte den nordlege parkeringsplassen mest til henting og bringing.

Området i nordaust, BBH, er avsett til barnehage. Her finn ein i dag Alversund Montessorribarnehage som skal vidareførast i planforslaget. Når det vert tilrettelagt for ein ny fleirbrukshall innanfor BU1 vil ein del av parkeringsplassane ein finn der i dag flyttast. Parkeringsplassane som vert tatt ut her, vert flytta heilt sør i planområdet til SPP2. Dette vil også vere ei god løysing med tanke på trafikktryggleik, at ein flyttar parkering vekk frå skuleområdet. Tanken er også at tilsette ved skulen og barnehagen skal parkere på SPP2 for å minimere køyring tett på skulen. I sør innanfor BUT vert det lagt til rette for eit nytt stort ute- og leikeareal til skulen som vil gje skulen eit godt område for ulike aktivitetar. Tanken er også at dette området kan nyttast av borna som bur i nærleiken utanom skuletida.

2 NØKKELOPPLYSNINGAR

Område	Alverflaten
Gardsnr./bruksnr.	gnr. 137, bnr. 344, 693, 723 m.fl.
Gjeldande planstatus (regulerings-/kommune(del)pl.)	KDP Knarvik-Alversund: framtidig bustadområde, bygning med særskilt allmenntilgjengelig formål og næringsverksemd. RP Alversund utmark: barnehage , område for offentleg formål. RP Buheim: forretning
Forslagsstillar	Nordhordland Bibelsenter
Grunneigar (sentrale)	Nordhordland Bibelsenter (137/344, 693, 723) Alversund Montessoribarnehage (137/724)
Plankonsulent	Ard arealplan as
Ny plans hovudføreml	Undervisning og barnehage
Planområdets størrelse i daa	Om lag 15,9 daa
Aktuelle problemstillingar (støy, byggehøgde o.l.)	Støy, trafikk
Føreligg det varsel om motsegn (j/n)	n
Konsekvensutgreiingspliktig (j/n)	n
Kunngjering oppstart, dato	30.09.2016
Fullstendig planforslag mottatt, dato	
Informasjonsmøte haldt (j/n)	

Side | 5

3 BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET

3.1 BAKGRUNN

Tiltakshavar Nordhordland Bibelsenter ved styreleiar Roy Bjarne Stusdal og dagleg leiar David Engebretsen ynskjer å vidareutvikla eit tilliggjande grøntområde og byggje på Nordhordland Kristne Grunnskole, i Lindås kommune. I samband med dette er det stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan.

3.2 INTENSJONEN MED PLANFORSLAGET

Hensikta med planen er å byggje på Nordhordland Kristne Grunnskole og vidareutvikle eit grøntområde sør for skuleområdet.

Det nye bygget ein ynskjer å tilretteleggje for i planen vil vere nord i planområdet innanfor BU1. Våren 2019 var elevtalet 115. Ein ynskjer å gje desse elevane betre fasilitetar og lærarane betre arbeidstilhøve. Det er også eit stort behov for fleire grupperom til elevar med spesialbehov. Samtidig ynskjer ein å ha moglegheit til å auke elevtalet opp til 196 elevar som ein har fått godkjent av myndigheitene. I dag nyttast skulen sitt aktivitetsrom som ligg innanfor BU2 også til blant anna forsamlingslokale på søndagar og til ungdomsklubb på fredagar. Noverande aktivitetsrom vert gjort om til klasserom og ny fleirbrukshall som ein ynskjer å tilretteleggje for innanfor BU1 vil då verte brukt til gymsal og ulike skuleaktivitetar, samt at den utanom skuletid kan nyttast som forsamlingslokale og ungdomsklubb. Eigedomsteigen 137/344 som ligg heilt i sør ynskjer ein å setje av til grøntområde og til parkering for tilsette ved skulen og barnehagen. Grøntområdet er tenkt brukt av skule og barnehage på dagtid, medan busette i nørrområdet kan bruke området på kveldstid og i helgane. Ein ynskjer å bevare delar av grøntområde med vegetasjon, resten av arealet vil ein opparbeide med leikeareal og sosial sone.


4 PLANPROSESSEN

4.1 VARSLING

Planen vart varsla naboar og offentlege instansar med brev datert 28.09.2016, og i avisa Strilen 30.09.2016. Frist for å kome med merknadar vart sett til 12.11.2016.

Varsel om oppstart av reguleringsplanarbeid

I medhald av plan og bygningslova (pbl) § 12-8 vert det med dette varsla at det skal setjast i gong detaljregulering for Stølsmarka, gnr. 137, bnr. 693, m.fl., i Lindås kommune.



Nordhordland Bibelsenter er tiltakshavar. Ard arealplan as er konsulent for planarbeidet.

Planområdet ligg på Alverflaten i den nordlege delen av bustadområda. Området ligg om lag 4 km frå kommunesenteret Knarvik, og inneheld i dag ein skule, ein barnehage, samt eit grøntområde med skog i sørlege del. Området er i kommunedelplanen Knarvik-Alversund 2007-2019 avsett til framtidig bustadområde og bygning med særskilt almennyttig formål og næringsverksemd.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for ei utviding av skulen, samt å sikre grøntområdet. Ein ynskjer å legge til rette for at skulen kan utvidast i den nordlege delen av planområdet, der det i dag er parkeringsplassar. Førebelse skisser tyder på at det nye skulebygget får parkeringsanlegg i første etasje, og gymsal i andre etasje. Dette kan endre seg i planprosessen, og endeleg avklaring av etasjetal og byggehøgder vert vurdert i planarbeidet. Planarbeidet har til hensikt å regulere den sørlege delen til grøntområde som kan nyttast av både skulen, barnehagen og bebuarar i området. Dette grøntarealet er i dag avsett til bustadføremål, og har tidlegare vore regulert til barnehage. I planarbeidet ynskjer vi å sette området av til grøntformål for kombinert bruk for alle i området. Det er kommunen som er eigar av området.

Vi inviterer til samarbeid og medverknad i den komande planprosessen. Innspel eller merknader som angår planens løysingar eller som gjeld særlege behov kan sendast skriftleg eller elektronisk til: Ard arealplan as, Nygårdsgaten 114, 5008 Bergen, eller e-post: post@ardarealplan.no innan 12. november 2016.

Ard
arealplan

Figur 1: Varslingsannonse.

4.2 MERKNADER I SAMBAND MED VARSLING

I samband med varslinga kom det inn 6 merknader. Desse er lista opp kapittel 10 og oppsummert og kommentert i vedlagd merknadsskjema.

5 GJELDANDE PLANSTATUS


5.1 REGIONALE PLANAR / FYLKES(DEL)PLANAR

- Fylkesplan for Hordaland 2005 - 2008
- Regional kulturplan: Premiss- kultur, 2015-2025
- Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - Fleire gode leveår for alle
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015-2026

5.2 KOMMUNEPLAN/KOMMUNEDELPAN

Området er regulert i kommunedelplan for Knarvik - Alversund 2007-2019. Denne planen har arealplan-ID: 1263-07032007 og vart vedteken 13.03.2008. Kommunedelplanen førte til at planområdet som tidlegare var regulert til næringsføremål vart endra til allmenntittig føremål.


Planområdet er sett av til framtidig bustadområde og bygning med særskilt allmenntittig formål og næringsverksemd.



Figur 2: Kommunedelplan Knarvik- Alversund 2007-2019.


5.3 REGULERINGSPLANAR

Området er regulert i reguleringsplanen Alversund utmark gnr. 137 bnr. 13 m.fl, (arealplan-ID: 1263 22011973), som vart vedteken 22.01.1973. I Alversund utmark er planområdet i søraust sett av til barnehage, område for offentleg føremål.



Figur 3: Reguleringsplan Alversund utmark.

Reguleringsplanen Buheim gnr. 137 bnr. 284 (arealplan-ID: 1263-11061974) vart vedteken 11.06.1974. I reguleringsplanen er området sett av til forretning, i 1987 ble det gjort ei reguleringsendring med bygningsplan, sjå Figur 4.



Figur 4: Bilete til venstre er reguleringsplan Buheim frå 1974, medan bilete til høgre er bygningsplan frå 1987.

5.4 EVENTUELLE TEMAPLANAR

- Barnehageplan 2012-2015, Lindås kommune
- Kommunedelplan for skule 2010-2020, Lindås kommune
- Kommunedelplan for trafikksikring 2010-2022, Lindås kommune

5.5 STATLEGE PLANRETNINGSLINER

5.5.1 Statlege planretningslinjer for samordna bustad, areal- og transportplanlegging

Dei statlege retningslinjene for samordna bustad, areal- og transportplanlegging har som mål at stads- og byutvikling vert tilpassa dei lokale tilhøva og at transportsystem skal utviklast slik at dei fremmar samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnytting, med miljømessige gode løysingar, trygge lokalsamfunn og bustadmiljø, god trafikktryggleik og effektiv trafikkavvikling. Det skal leggast til grunn eit langsiktig, berekraftig perspektiv i planlegginga.

Vurdering av korleis dette er knytt opp mot planområdet: Planområdet ligg i eit etablert bustadområde i tilknytning til eksisterande vegsystem, med kort avstand til busshaldeplass, handels- og servicetilbod og har såleis ei gunstig plassering for ei vidare utvikling.

5.5.2 Statlege planretningslinjer for styrking av barn og unges interesser i planlegging

Dei statlege retningslinjene for barn og unges interesser i planlegging har som mål og sikre eit oppvekstmiljø som gir barn og unge tryggleik mot fysiske og psykiske skadeverknadar. Det skal sikrast at oppvekstmiljøet har dei fysiske, sosiale og kulturelle kvalitetar som til ei kvar tid samsvarar med eksisterande kunnskap om barn og unge sine behov.

Vurdering av korleis dette er knytt opp mot planområdet: Lokaliseringa av planområdet er gunstig med tanke på born og unge. Det ligg skjerna i eit etablert bustadområde, som er med på å sikre eit godt oppvekstmiljø.

5.5.3 Statlege planretningsliner for universell utforming

Dei statlege planretningslinene for universell utforming har som mål å:

- sikra at planlegging på alle forvaltningsnivå bidreg til ei utvikling mot eit stadig meir universelt utforma samfunn.
- klargjere det offentlege sitt ansvar for at universell utforming vert ivaretatt i planlegginga av byggjeområde, uteareal og transportinfrastruktur.
- stimulere til planlegging som gir god tilgjengelegheit og brukbarheit for alle, og som samtidig tilfredsstillar andre samfunnsmessige mål.
- leggja særleg vekt på å ivareta omsynet til personar med nedsett funksjonsevne.
- styrka fylkeskommunens og fylkesmannens moglegheit for innspel og medverknad.


Vurdering av korleis dette er nytt opp mot planområdet: Dette er moment som vert ivareteke av planforslaget.

6 SKILDRING AV PLANOMRÅDET


6.1 LOKALISERING

Planområdet ligg om lag 4,3 kilometer nordvest for Knarvik sentrum. For å nå området tar ein av frå E39 ved Knarvik og køyrer om lag 2 kilometer nordover på fylkesveg 57 Lindåsvegen, her tar ein 2. avkøyring i rundkjøringa inn på fylkesveg 565 Alverflaten og følg vegen om lag 1,8km. Deretter tar ein av fylkesvegen mot vest, og køyrer vidare på den kommunale vegen Alvermarka. Eigedommane ligg på venstre side av vegen.

Side | 10



Figur 5: Oversikt over planområdet sin beliggenhet (Kjelde: kart.finn.no)



Figur 6: Planområdets plassering (kjelde: seeiendom.no)

6.2 AVGRENSING

Planen regulerer eigedomene gnr. 137, bnr. 344, 560, 693, 723, 724 og 764. Planområdet avgrensast i hovudsak av tomtegrenser og vegareal.

6.3 TILSTØYTANDE AREAL SITT BRUK/STATUS

Planområdet ligg i eit etablert bustadområde som hovudsakleg består av einebustader. Nord for planområdet går Fv. 565 Alverflaten.

6.4 EKSISTERANDE BYGNINGAR


Det er i dag 3 bygg innafør planområdet. Nordhordland Kristne Grunnskole eig to bygg som er brukt til barne- og ungdomsskule. Det tredje bygget vert brukt av Alversund Montessori barnehage AS. Deler av dei kommunale vegane Alvermarka og Stølsmarka inngår også i planområdet.

6.5 TOPOGRAFI/LANDSKAPSTREKK

Planområdet ligg på ei flate, og grøntområdet på teig 137/344 ligg i eit lett kupert terreng. Tveitavarden ligg nordaust for planområdet på 196moh og er det høgste punktet i området. Alvermarka ligg heilt vest i Lindås kommune, her finn ein sjeldan punkt i terrenget som er høgare enn 450moh.

Planområdet ligg på Lindåshalvøya som i følge «Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås» er ein del av den store Bergensbogen som er eit stort flak av hovudsakleg omdanna djupbergartar og gneisar. Bergartene er ein blanding av sure og basiske men ein finn også kalkrike soner og kleberstein.¹

Berggrunnen i planområdet er Anortositt, stadvis i veksling med gabbro.²



Figur 7: Berggrunn

6.6 SOLTILHØVE


Planområdet ligg vestvendt til i eit svakt dalande terreng, og har difor svært gode soltilhøve.

¹ Kartlegging og verdisetting av naturtypar i Lindås, MVA rapport 2004, s. 13

² Geo.ngu berggrunnskart

6.7 VEGETASJON, DYRELIV OG ANDRE NATURILHØVE

Den sørlege delen av planområdet består av ein teig på rundt 5.2 daa, der arealet i hovudsak er registrert som uproduktiv lauvskog. Nordleg del av planområdet er bygd ut har ingen særskilde grøntverdiar.




Figur 8: Kart over bonitet (Kjelde: gardskart.skogoglandskap.no)

6.8 GRØNE INTERESSER

Det er eit eksisterande grøntområde sør i planområdet. Dette område består i dag av ein del lauvtre og annan lågtveksande vegetasjon.

6.9 KULTURMINNE

Det er ikkje registrerte kulturminner eller kulturmiljø i planområdet. Men ein finn SEFRAK-bygningar (Bygningar før 1900) og arkeologiske kulturminne i nærleiken.




Figur 9: Kulturminner (kjelde: miljøstatus.no)

6.10 VEG OG TRAFIKKTILHØVE

Planområdet ligg ved Alvermarka, som er ein kommunal veg med gang og sykkelveg mot planområdet. Vegen har ei fartsgrense på 30 km/t. Det er ikkje registrert trafikkmengd på Alvermarka, men på Fv. 565 Alverflaten er det ein årsdøgntrafikk på 7100 og fartsgrensa er sett til 60km/t.


Alvermarka koplar området til fylkesveg 565 Alverflaten om lag 100 meter nordvest for planområdet. Alverflaten er nokoulukkesbelasta. Figur 10 viser trafikkulykker på Alverflaten i tidsrommet 1986-2005. Ved krysset frå Alvermarka til Alverflaten er det registrert 4 ulykker med lettare skadde og 1 med alvorleg skadde. Lengre sør på Alverflaten er det registrert ei dødsulykke, ei ulykke med alvorleg skadde og 8 ulykker med lettare skadde.



Figur 10: Trafikkulykker på Fv. 565 Alverflaten

6.11 STØY


Det er registrert vegstøy frå Fv. 565 Alverflaten i planområdet. Det meste av planområdet ligg i gul støysone, dvs. at årsmidla vegtrafikkstøy ligg mellom 55-65dB. Støysonekartet vart utarbeidd i 2007 i samband med kommunedelplanen for Knarvik-Alversund.



Figur 11: Støysone, temakart til kommunedelplan Knarvik-Alversund.

6.12 OFFENTLEG KOMMUNIKASJON/ KOLLEKTIVDEKNING

Planområdet vert avgrensa av Fv. 565 Alverflaten i nord. Her ligg det busshaldeplassar i begge retningar. Busshaldeplassane er knytt til planområdet og bustadområdet med gang- og sykkelveg. Frå planområdet går det ein undergang under Fv. 565 som sikrar trygg tilkomst til busshaldeplassen på oppsida av vegen. Frå busshaldeplass Alverflaten nord går rutene 300 (Mastrevik- Knarvik -(Bergen), 311 (Lygra- Feste - Knarvik) og 320 (Manger - Bergen busstasjon). Frå planområdet er det om lag 4,5 km til Knarvik skysstasjon.



Figur 12: Busshaldeplassar i nærleiken av planområdet.

6.13 ENERGI, VATN OG AVLAUP

Det er offentlege anlegg for vatn og avlaup i området.

6.14 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Frå planområdet er det om lag 4,5 km til Knarvik sentrum, som er eit regionsenter for Nordhordland. Her er det politi, legevakt, alle offentlege funksjonar og alt ein treng innan handel og service. Knarvik senter ligg sentralt i sentrum med over 60 butikkar.

Den nærmaste barnehagen i nærleiken er Alversund Montessori barnehage som ligg i planområdet. Alversund Montessori barnehage er privat. Dei nærmaste offentlege barnehagene er Juvikstølen barnehage som ligg om lag 4 km søraust for planområdet langs Lonsvegen, og Haugen barnehage som ligg sør for Knarvik sentrum om lag 4,8 km sør for planområdet.

Næraste private skule i området er Nordhordland kristne grunnskole, som ligg i planområdet. På skulen er det 1.-10. trinn, og hausten 2014 var elevtalet på 115. Den nærmaste offentlege skulen er Alversund skule, skulen ligg om lag 950 m unna i nordleg retning. På skulen er det 1.-7. trinn med to eller fleire klassar på kvart trinn, per 2013 var det 375 elevar ved skulen. Skulen har heilårs SFO-ordning.

Området ligg i Knarvik ungdomsskulekrins. Knarvik ungdomsskule ligg om lag 3,7 km unna i sørleg retning på Juvikstølen.

Rett attmed Knarvik ungdomsskule ligg Nordhordlandshallen, Knarvik Stadion, fleire grasbaner, Knarvik kyrkje og Knarvik vidaregåande skule. Knarvik vidaregåande skule er den største vidaregåande skulen i Nordhordland og ein av dei største i Hordaland. Skulen har åtte studieretningar og meir enn 1000 elevar.

6.15 RISIKO

Det er ikkje knytt risiko til ras- og skredfare i området. Område er heller ikkje utsett for flaum. Området er ikkje markert som aktsemdsområde for radon i Norges geologiske undersøkelser sitt register.

6.16 PRIVATRETTSLEGE BINDINGAR

Ingen kjente.

7 UTGREIING I HHT. FØRESKRIFT OM KONSEKVENsutGREIINGAR

For planarbeidet for Stølsmarka er det vurdert om det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing. Det er i overordna plan (kommuneplanen) lagt til rette for føremålet kombinert byggje- og anleggsformål som planområdet er regulert til.

Føremåla med føresegnene om konsekvensutgreiingar (KU) er å sikre at omsyn til miljø og samfunn vert tatt omsyn til under førebuing av planar, og når det tas stilling til om, og på kva vilkår, planar kan gjennomførast. Det er opp til tiltakshavar sjølv å vurdere om planforslaget kjem inn under forskrifta sitt verkeområde.

Ein vil under gå igjennom punkta i forskrift om konsekvensutgreiingar og drøfte om planarbeidet for Stølsmarka løyser ut krav konsekvensutgreiing. Vurderinga vert gjort kronologisk, etter kapittel 2 (§ 6, § 7 og § 8) i forskrifta, kor det går fram kva planar og tiltak som skal omfattast av føreskrifta.

Kapittel 2. Planer og tiltak som omfattes av forskriften

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutredes og ha planprogram eller melding

Følgende planer og tiltak skal alltid konsekvensutredes og ha planprogram eller melding:

- a) kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplaner etter § 11-1, og områdereguleringer etter § 12-2 når planene fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II
- b) reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- c) tiltak i vedlegg I som behandles etter andre lover enn plan- og bygningsloven.

Fylkeskommunen er ansvarlig myndighet for regionale planer. Kommunen er ansvarlig myndighet for kommunale planer. Ansvarlig myndighet for planer og tiltak etter bokstav b og c fremgår av vedlegg I. For tiltak etter bokstav b der gjennomføring av tiltaket ikke krever ny plan, er forurensningsmyndigheten ansvarlig myndighet hvis tiltaket krever tillatelse etter forurensningsloven.

Hvis en plan etter plan- og bygningsloven endres mellom varsel om oppstart av planarbeidet og utleggelse av planforslag til offentlig ettersyn, og endringen medfører at planen omfattes av første ledd bokstav a eller b, skal planen behandles etter reglene i kapittel 5 og 6.

§ 7. Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutredes, men ikke ha melding

Følgende tiltak og planer etter andre lover skal alltid konsekvensutredes, men ikke ha melding:

- a) tiltak i vedlegg II som behandles etter energi-, vannressurs- eller vassdragsreguleringsloven
- b) planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som vedtas av et departement.

Ansvarlig myndighet for tiltak etter bokstav a fremgår av vedlegg II. Fagdepartementene er ansvarlig myndighet for planer eller programmer etter bokstav b.

§ 8. Planer og tiltak som skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn

Følgende planer og tiltak skal konsekvensutredes hvis de kan få vesentlige virkninger etter § 10, men ikke ha planprogram eller melding:

- a) reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt fra dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutredet i en tidligere plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidligere planen
- b) tiltak i vedlegg II som behandles etter en annen lov enn plan- og bygningsloven.

Ansvarlig myndighet for bokstav a og b fremgår av vedlegg II. For tiltak etter bokstav a der gjennomføring av tiltaket ikke krever ny plan, er forurensningsmyndigheten ansvarlig myndighet hvis tiltaket krever tillatelse etter forurensningsloven.

Hvis det mellom varsel om oppstart av planarbeidet etter plan- og bygningsloven og utleggelse av planforslag til offentlig ettersyn fremkommer nye opplysninger eller skjer endringer i faktiske forhold som medfører at planen likevel kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn, skal det i planforslaget gis en særskilt redegjørelse for planens virkninger.

I § 6 kjem plan for Stølsmarka ikkje inn under punkt a), b) og c) då planen ikkje vert omfatta av tiltak i vedlegg I.

I § 7 kjem plan for Stølsmarka ikkje inn under punkt a) og b) då planen ikkje vert omfatta av andre lover enn plan og bygningslova.

I § 8 kjem plan for Stølsmarka ikkje inn under punkt a) og b) då planen ikkje vert omfatta av tiltak i vedlegg II eller kan gje vesentlege verknader etter § 10.

Konklusjon:


Ut i frå vurderinga som er gjort over vurderer vi det ikkje slik at planlagde tiltak i detaljreguleringsplan for Stølsmarka er funne konsekvensutgreiingspliktig. Planforslaget vil ikkje gje vesentlege verknader for miljø og samfunn.

8 SKILDRING AV PLANFORSLAGET

8.1 INNLEIING

Planforslaget legg til rette for å byggje på Nordhordland Kristne Grunnskole og å vidareutvikle dagens grøntområdet sør for skulen. Tilkomst til området vil vere frå Alverflaten (FV 565) gjennom vegen Alvermarka, som er ein kommunal veg. I området i nordvest, BU1, vil det verte lagt til rette for undervisning der ein ser for seg tilrettelegging av ein fleirbrukshall med mellom anna gymsal med garderobar. Denne kan også nyttast til ulike tilstellingar og aktivitetar utanom skuletida på lik line med andre skulebygg i kommunen. I bygget ser ein også for seg at det kan tilretteleggast for skulekjøkken, storkjøkken, kantine mm. Nokre av desse fasilitetane finn ein i dag innanfor BU2. Ved å flytte desse fasilitetane til det nye bygget innanfor BU1 vil ein få betre tilhøve for elevar og lærarar ved at ein kan få kan fleire/ større klasserom, samt betre plass til kontor/arbeidsplassar til lærarar og administrasjon. Området i nordaust, BBH, er avsett til barnehage. Her finn ein i dag Alversund Montessoribarnehage som skal vidareførast i planforslaget. Når det vert tilrettelagt for eit nytt skulebygg innanfor BU1 vil ein del av parkeringsplassane ein finn der i dag flyttast mot sør i SPP2, noko som vert vurdert å gje betre tilhøve for mjuke trafikkantar. I sør innanfor BUT vert det lagt til rette for eit nytt stort ute- og leikeareal for skulen. Tanken er også at dette området kan nyttast av borna som bur i nærleiken utanom skuletida.

Side | 17



Figur 13: Reguleringsplanforlag.

8.2 REGULERINGSFØREMÅL

Føremål		Totalt areal
Bygg og anlegg		
Barnehage	BBH	1,548 daa
Undervisning	BU1, BU2	5,648 daa
Uteoppholdsareal	BUT	4,127 daa
Samferdsel og teknisk infrastruktur		
Veg	o_SV	0,119 daa
Køyreveg	o_SKV1, SKV2,SKV3,o_SKV4,o_SKV5	1,450 daa
Fortau	o_SF1,o_SF2,o_SF3,o_SF4	0,608 daa
Anna veggrunn - grøntareal	o_SVG1,o_SVG2,o_SVG3,o_SVG4 o_SVG5	0,452 daa
Parkeringsplassar	SPP1,SPP2	1,976 daa
Totalt		15,928 daa

Side | 18

8.3 BYGGEFØREMÅL

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Barnehage - BBH
Areal	1,548 daa
Byggehøgde	k+67
%-BYA	35%
Parkeringsplassar	12

Byggeføremål	
Reguleringsføremål	Undervisning - BU1 og BU2
Areal	5,648 daa
Byggehøgde	k+63, k+67, k+70
%-BYA	35%, 70%
Parkeringsplassar	40

8.4 BYGG ANLEGG

Barnehage

Innanfor ligg BBH ligg det i dag ein barnehage som skal vidareførast i planframlegget.

Undervisning

Det opnast for at eksisterande bygg innanfor BU1 kan rivast for å gje plass til ein fleirbrukshall som skal romme blant anna gymsal med garderobar. Tanken er også at gymsalen skal kunne nyttast til ulike tilstellingar og aktivitetar utanom skuletida som for andre skular i kommunen. I bygget ser ein også for seg at det kan tilretteleggast for skulekjøkken, storkjøkken, kantine mm. Nokre av desse fasilitetane finn ein i dag innanfor BU2. Ved å flytte desse fasilitetane til det nye bygget innanfor BU1 vil ein få betre tilhøve for elevar og lærarar ved at ein kan få fleire/ større klasserom, samt betre plass til kontor til lærarar og administrasjon innanfor BU2. Størstedelen av bygget innanfor BU1 vil berre ha ein etasje, men då til gjengjeld stor takhøgde sidan det skal nyttast til fleirbrukshall med mellom anna ballspel. Bygget vert liggande opp mot ei skråning med ei eksisterande skjering. Den delen av bygget der det ikkje vert lagt til rette for gymsal kan ha opp til 2 etasjar. Innanfor BU2 har det eksisterande skulebygget 2 etasjar. Det vet vidare opna for at det i nordaustleg hjørne av BU2 kan tilretteleggast for eit påbygg på 1 etasje.

Uteopphald:

Innanfor BUT er det i dag eit ubygd grøntområde. Tanken er at dette området skal halde fram med å vere grøntområde og at det skal tilretteleggast og nyttast som uteareal for skulen på dagtid. Den nordvestlege delen av området som ligg langs vegen Alvermarka, der det også er noko støy, vil verte nytta som parkering. Ved tilrettelegging av parkering må det opparbeidast tilstrekkeleg med sikring mellom parkerings- og grøntarealet slik at det ikkje vil oppstå uheldige situasjonar i samband med born som leikar og bilar som skal parkere.

8.5 LEIK/UTEOPPHALD

Nytt uteoppholdsareal for skulen er tenkt innanfor BUT og er på 4127 m². Ein ser vidare for seg at delar av området kan opparbeidast med leikeapparat, parkanlegg og stiar, medan ein på andre deler av området kan behalde vegetasjon og terreng som det er i dag for å få eit meir variert uteområde. Det er vidare tenkt at elevar på skulen kan nytte uteområdet på dagtid, men at det utanom skuletid vil vere tilgjengeleg for ålmenta. Det er vidare tenkt at vegen mellom skuleområdet og uteopphaldsarealet, o_SKV4, skal stengjast for gjennomkøyring i skuletida for å sikre trygg tilkomst til uteopphaldsarealet innanfor BUT. Det må såleis gjere tiltak på vegen ift. stenging og synleggjering av at det er eit kryssingspunkt over denne. Døme på tiltak som kan gjerast er markering i vegbana, skilting og evt. bom.

Side | 19



Figur 14: Illustrasjon av BUT som syner området nytta som uteområde.

Nordhordland Kristne Grunnskole har godkjenning frå Lindås kommune for 150 elevar for dagens uteareal og inntil 196 elevar ved å nytte ordninga med delt friminutt. Planforslaget med eit betre større uteområde, vil i staden gje høve til at alle borna kan ha friminutt på same tid og får høve til å møtast gjennom skuledagen. Tilrettelegginga vil samstundes gjere området meir tilgjengeleg for ålmenta.

I rapport utarbeidd av Helsedirektoratet i 2003 for *Skolens uteareal vil* skulen sitt bruksareal utomhus verte definert av tilgjengeleg nettoareal innanfor tomtegrenser når bygningar, parkering og anna biltrafikkareal er trekt i frå. Det er foreslått eit generelt minimumskrav på 50 m² nettoareal for kvar elev. Det stillast også krav om minimumsareal gradert etter skulestorleik. Minimumskrav ved middels store skular (100-300 elevar) er ca. 10 000 m².

Om ein skal følgje desse forslaga trengst det: 196 elevar x 50 m² = 9800 m² eller minimumskravet på ca. 10 000 m².

I planforslaget er det eit totalt uteareal på rundt 6 823 m² for skulen. Dette omfattar areal rundt bygget innanfor BU2 (ca.2382 m²) som er opparbeidd som uteopphaldsareal med blant anna areal for ballspel, samt grøntareal innanfor BUT (ca.4441 m²). Sjølv om det totale uteopphaldsarealet ikkje er like stort som det som står anbefala i rapporten frå Helsedirektoratet vurderer vi likevel arealet som tilstrekkeleg og ein klar forbetring frå tilhøva i dag. Skulen er allereie godkjend med eit elevtal på inntil 196 elevar med dagens uteareal (men der det i så fall vert nytta ordning med delt utetid). Planforslaget legg opp til ein auke i uteopphaldsareal ift. dagens situasjon ved å tilrettelegge for uteareal innanfor BUT. Alle borna får med meir uteareal høve til å treffast gjennom skuledagen. Det er heller ikkje fastsett krav til uteopphaldsareal for skule i kommuneplanen.

8.6 PARKERING

I samsvar med føresegnene i kommuneplanens arealdel er kravet for parkering 1 plass per årsverk for barne- og ungdomsskular, minimum 1 plass per 5. barn og maksimum 1 plass per 3. barn for barnehagar. 2,5 % av parkeringsplassane skal merkast funksjonshemma i samsvar med kommunedelplan Knarvik-Alversund.

Ved Nordhordland Kristne Grunnskole er det i dag 40 årsverk. Elevtalet er rundt 120 men skulen har godkjenning for inntil 196 elevar. Sidan skulen har godkjenning for fleire elevar må ein ta høgde for at antal årsverk også vil auke. Ved berekning av parkeringsplassar til skulen vil det då vere naturleg å leggje seg på eit litt høgre antal årsverk enn ein har i dag og har valt å leggje seg på 50 årsverk . Grunna mange elevar med spesialbehov har skulen ein del fleire tilsette enn andre skular. Ved Alversund Montessorribarnehage er det 60 born. Minimumskrav til parkeringsplassar vert 62 plassar og maksimumskravet vert 70 plassar.

Side | 20

Parkering skule:

50 årsverk x 1 pp per årsverk = 50 pp

Parkering barnehage:

Antal born 60 stk x 1 plass per 5. born = 12 pp (minimum)

Antal born 60 stk x 1 plass per 3. born = 20 pp (maksimum)

Det er sett av plass til ca. 30 parkeringsplassar innanfor SPP1, og 37 parkeringsplassar innanfor SPP2, totalt 67 parkeringsplassar, som ligg mellom minimums og maksimumskravet. Det må vidare setjast av tilstrekkeleg med sykkelparkeringsplassar innanfor planområdet. Sykkelparkeringsplassar kan etablerast innanfor BU1, BU2 og BBH.

Då Nordhordland Kristne Grunnskole er ein privatskule kjem borna tilreisande frå andre stader enn berre lokalt i Alvermarka. Det vil i praksis seie at det dagleg vil vere nokre fleire born enn ved ei ordinær grunnskule som treng skyss til skulen. Ved ulike aktivitetar på kveldstid vil det truleg vere noko større trong for parkeringsplassar enn det ein ser ved ei ordinær grunnskule. For å sikre trygge gode høve for mjuke trafikkantar vert størstedelen av parkeringa tilrettelagt lengst vekk frå skulen/barnehagen på SPP2 ved området BUT.



Figur 15: Parkeringsplassar i planområdet.

8.7 TRAFIKKAREAL

8.7.1 Veg

Planforslaget inneheldt ein veg, o_{SV}, som er ei avkøyrsløse frå Alvermarka til Bumarka.

8.7.2 Køyreveg

Planforslaget inneheldt fire køyreveggar, o_{SKV1}, SKV2 og SKV3 og o_{SKV4}. o_{SKV1} er den kommunale vegen Alvermarka som går langs vestre del av planområdet. SKV2 er innkøyrsløse til BU1, BU2 og BBH. SKV3 er innkøyrsløse til parkeringsplassen SPP2. o_{SKV4} er del av vegen Alvermarka og skal stengjast i skuletida for å sikre trygg tilkomst for skuleelevarne til uteopphaldsarealet innanfor BUT.

8.7.3 Fortau


Planforslaget inneheldt fire areal for fortau. o_{SF1} går langs den kommunale vegen Alvermarka og knyt saman planområdet med tilkomstvegen frå nord. Det knyt òg saman planområdet med undergang som går under Fv. 565 og vidare til busshaldeplass. Planforslaget legg opp til å utbetre fortauet ved undergangen der det i dag ikkje er opphøgd gangfelt. o_{SF2} fortset vidare sørover langs Alvermarka mot uteopphaldsarealet innanfor BUT. o_{SF3} er fortau som går vidare sørover langs Alvermarka medan o_{SF4} leier inn til BUT.

8.7.4 Parkeringsplassar

Planforslaget inneheldt to areal for parkering, SPP1 og SPP2. SPP1 ligg på vestsida av planområdet langs den kommunale vegen Alvermarka og har plass til ca. 30 bilar (talet på parkeringsplassar er redusert i SPP1 frå dagens tilhøve og flytta til SPP2). Parkeringsplassen er lagt nærast mogeleg Alvermarka for at trafikk i minst mogeleg grad skal trekkast inn mot uteareala kring dei eksisterande bygga i planområdet. Det er også lagt til rette for at det kan etablerast ca. 37 parkeringsplassar innanfor SPP2 sør i planområdet.

8.7.6 Vurdering av tilhøva for mjuke trafikantar

Like nord for planområdet ligg det busshaldeplassar. Det er trygg tilkomst til desse frå planområdet i form av fortau og gangveg. Krysset inn til planområdet frå fylkesvegen har også nyleg vorte oppgradert. Det er såleis trygt å gå heile vegen frå busshaldeplassen til planområdet for mjuke trafikantar. Planforslaget legg opp til samanhengande fortau framfor undergangen under fylkesvegen. Dette vil bidra til eit fysisk hinder for bilar slik at dei ikkje har moglegheit til å køyre i undergangen, noko som er ei forbetring ift. dagens situasjon. Det er vidare lagt opp til å stenge vegen Stølsmarka like etter krysset Alvermarka/Stølsmarka i skuletida. Det har vore eit ønske frå Lindås kommune om stenging av Stølsmarka, pga. av dei positive konsekvensane for mjuke trafikantar dette vil medføre. Ved å gjere dette, samt å leggje til rette for gangareal innanfor skuleområdet, vurderer vi det ikkje som naudsynt å gjere fleire tiltak for mjuke trafikantar. Mykje av parkeringa til skule og barnehage er også flytta heilt sør i planområdet innanfor SPP2 for å minimere trafikken oppe ved skuleområdet.



Figur 16: Flyfoto og utsnitt av reguleringsplanen som syner tiltak for mjuke trafikantar.

8.8 STØYTILTAK

Planområdet ligg innanfor gul støysone. Det er difor vorte utarbeida ein støyrapport av Sweco, sjå vedlegg. I rapporten er det konkludert med følgande:

Sjølv om skulebygget ligg i gul og raud støysone vurderer Sweco det slik at intensjonen til støyretningslina som oppfylt dersom:

- 1) Innandørs støyforhold tilfredsstillast i samsvar med NS 8175
 - Dette vurderast som løysbart med vanlege fasadekonstruksjonar og lydvindauge, men må dokumenterast i byggesak
- 2) Krav til støyntivå på uteoppholdsareal tilfredsstillast
 - Dette kan tilfredsstillast med støyskjerm mot veg Alvermarka langs BKB. Detaljering av støyskjermen kan takast i ein seinare fase.
- 3) Solavskjerming for støyutsette fasadar vurderast.

8.9 AVFALLSHANDTERING/MILJØSTASJON

Avfallshandtering innanfor planområdet vil vere som i dag med bruk av bossdunkar.

8.10 RISIKO

Det er ingen kjende risikomoment i planområdet.

9 KONSEKVENSAV PLANFORSLAGET

9.1 OVERORDNA PLANAR OG VEDTAK

9.1.1 RPR og andre overordna planar

Planforslaget er i samsvar med overordna retningslinjer og regionale planar.

9.1.2 Kommuneplan

Ikkje aktuelt.

9.1.3 Kommunedelplan

I kommunedelplan for Knarvik - Alversund 2007-2019 er området sett av til bustader, bygning med særskild allmennytting formål og næringsverksemd. Planforslaget er i hovudsak i samsvar ved dette formålet.

9.2 EKSISTERANDE REGULERINGSPLANAR

Planforslaget er ikkje heilt i samsvar med eksisterande reguleringsplanar for området. Planforslaget legg opp til at den sørlege delen som er regulert til barnehage i reguleringsplan for Alversund utmark vert regulert til parkering og uteopphaldsareal. Nordleg del av planområdet er regulert til næringsformål i reguleringsplan for Buheim. Dette området er i planforslaget også regulert til undervisning og barnehage.

9.3 ESTETIKK

Uteareal

Innanfor BUT er det lagt opp til at ein kan ruste opp delar av det eksisterande grøntområde. Her kan ein leggje til rette for diverse leikeapparat, natursti mm. Området vil verte brukt av Nordhordland Kristne Grunnskole i skuletida, medan utanom skuletid vil område vere tilgjengeleg for ålmenta. Opprustinga av området vil dermed kome naboar og andre til gode.

Terrenginngrep og bygg

Området i den nordlege delen av planområdet er i dag i stor grad allereie utbygd, og det vil verte få terrenginngrep i planområdet. Det føreligg planar om eit nytt bygg på BU1, som ligg i nordvestlege del av planområdet med opp mot 2 etasjar på delar av bygget, men hovuddelen av bygget som skal nyttast til gymsal vil 1 etasje med stor takhøgde. Bygget vil ligge opp mot skråning som går opp mot Fv. 565, noko som vil minke intrykket av bygget i omgjevnadane. Vidare legg planforslaget opp til å ruste opp deler av eksisterande grøntområde innanfor BUT i tillegg til at noko parkeringsareal vert flytta frå den nordlege delen i SPP1 til den sørlege delen i SPP2, noko som vil gje området eit betre estetisk uttrykk.



Figur 17: Illustrasjonsplan for planområdet.

9.4 UNIVERSELL UTFORMING

TEK17 vil følges i utforming av/tilkomst til bygg og uteområde der dette er relevant.

9.5 KONSEKVENSAAR FOR NABOAR

Planområdet er i dag for det meste utbygd. Det nye bygget som er planlagt skal ligge i nordvestlege del av planområdet, som vil gje ei plassering lengst mogeleg vekk frå naboar. Bygget er planlagt aust for dei næraste naboane og opp mot skråninga som går opp mot Fv. 565 og vil dermed ikkje endre verken soltilhøva eller utsynstilhøva i særleg grad. Det nye bygget kan derimot ha ei noko støydepande effekt for støy frå Fv. 565.

Planforslaget legg opp til å legge til rette for at ein kan auke elevtalet til inntil 196 frå dagens elevtal. Dette kan føre til noko meir støy og trafikk ved skulestart og skuleslutt. Samstundes er skuletida mellom 8-14 og det vil vere svært avgrensa trafikk i samband med skulen utanom denne tida. Skulen sine friminutt utgjer til saman 50 minutt i løpet av ein dag og utanom friminutta vil det vere minimalt med støy frå skulen. Barnehagen som allereie er etablert i planområdet har vesentleg meir uteaktivitet enn skulen. Med tilrettelegginga vil alle skuleborna ha friminutt på same tid og støy frå skuleborn som leiker vil då verte sjeldnare.

9.6 TRAFIKK- OG PARKERINGSTILHØVE

Parkering vil vere på eigen grunn og såleis ikkje vere til hinder for tilgrensande bustader. Planforslaget kan også føre til ein liten auke i trafikken på den kommunale vegen som leier inn til planområdet, men dette er ikkje ein auke av vesentleg karakter. Sjå vedlagt trafikkanalyse utarbeida av Cowi.

9.7 KULTURMINNE

Det er ikkje registrerte kulturminne eller kulturmiljø i planområdet. Ein finn SEFRAK-bygningar (Bygningar før 1900) og arkeologiske kulturminne i nærleiken, men planforslaget vil ikkje ha innverknad på desse.

9.8 FRILUFTSAKTIVITET, NATUROMRÅDE, BORN OG UNGE SINE INTERESSER I NÆRMILJØET

Det er ikkje registrert særskilte interesser for born og unge i dei delane av planområdet som ikkje er bebygd eller nytta som uteareal i dag. Det er nokon stiar i området i dag, og desse koptingane vert ivaretatt i planarbeidet. Delar av eksisterande grøntområde innanfor BUT vil verte opprusta, noko som vil betre barn og unge sine interesser i nærmiljøet og tilgangen til friluftsaaktivitetar i området.

9.9 PRIVAT OG OFFENTLEG SERVICETILBOD

Planområdet ligg med nærleik til alle naudsynte private og offentlege tilbod og vil ikkje ha noko konsekvens i tilhøve til desse.

9.10 JURIDISKE/ØKONOMISKE KONSEKVENSAAR FOR KOMMUNEN

Ingen kjente.

9.11 INFRASTRUKTUR

Planforslaget legg opp til å utbetre fortauet ved undergangen nord i planområdet der det i dag ikkje er opphøgd gangareal.

9.12 VA OG ENERGI

Det er eksisterande VA-anlegg i området som har tilstrekkeleg kapasitet for utbygginga. Sjå vedlagt VA-rammeplan utarbeida av Teknikon datert 04.12.17 for korleis VA kan løysast i planforslaget.

Når det gjeld overvatn leiast dette i dag bort via fleire sluk der dei fleste av desse er knytt til kommunalt leidningsnett for overvatn. Planlagde tiltak vil gi auka areal med bygningar og tilsvarande redusert areal med andre harde flater. Dette vil i prinsippet ikkje endre overvassituasjonen, men ved planlegging av uteområdet/terreng må det takast høgde for framtidig auke i nedbørsmengden. Auken må infiltrerast lokalt i grunnen for at det ikkje skal føre til auka belastning på det kommunale leidningsnettet. Dette kan gjerast ved å etablere nokre infiltrasjonssandfang (IFS-kummer). Nøyaktig antal og plassering må avklarast i detaljprosjekteringa ut i frå en vurdering av hydraulisk kapasitet i grunnen. I detaljprosjekteringa må det også vurderast om det er behov for fordrøyning, og i så fall må nødvendig fordrøyningsvolum bereknast. Eventuell fordrøyning kan gjerast ope som ein dam/forsenking i terreng på eit egna areal, eksempelvis ute på plassen mellom bygga. Alternativt kan det gjerast ved å etablere fordrøyningsvolum under bakken i form at betongrøyr, plastkassetar eller tilsvarande.

9.13 NATURMANGFALD

Naturmangfaldslova og prioriterte artar

Det er eit nasjonalt mål at tap av biomangfald skal stoppast, og arealbruken skal støtte opp om dette målet (St.meld 26 (2006 - 2007)). Tiltaket er vurdert ut frå krava i kapittel II i Naturmangfaldslova, med særleg omsyn til prinsippa i følgjande heimlar:

§ 8: Kunnskapsgrunnlaget.

§ 9: Føre-var-prinsippet.

§ 10: Økosystemtilnærming og samla belastning.

§ 11: Tiltakshavar betaler.

§ 12: Miljøforsvarlege teknikkar.

Side | 26

Vurdering etter §8 Kunnskapsgrunnlaget:

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags landskap, økosystem, naturtypar eller artar vert råka av planen?	Nordre deler av planområdet er i dag hovudsakleg utbygd. I sør er det eit grøntområde som delvis skal opparbeidast og tilretteleggast for leik og opphald. Det opnast også for at det etablerast parkering nordvest i dette grøntarealet langs vegen. Det er ikkje avdekkja viktige natur- eller dyreliv i nærleiken av planområdet.
Kva slags effekt vil planen ha på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Planen vil ha liten innverknad på landskap, økosystem, naturtypar og artar. Store deler av planområdet er allereie opparbeidd og om lag halvparten av grøntområde i sør vil verte opparbeidd med leikeplass og liknande som vil gje kvalitet i landsapsromma.
Korleis er tilstanden for landskapet, økosystem og utviklinga i tal på lokalitetar av naturtypane og bestandene på landsbasis og på staden?	Det er ikkje registrert dyreartar, utvalde naturtypar, verneområder, etc. i planområdet eller i nærområdet.
Føreligg det faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i det aktuelle planområdet?	Ein er ikkje kjend med at det føreligg faglege rapportar og utgreiingar om naturmangfald i planområdet.
Føreligg det erfaringsbasert kunnskap (frå lokalsamfunnet, kommunar og andre myndigheiter) om det aktuelle planområdet?	Føreligg ingen særskild erfaringsbasert kunnskap som ein er kjend med om planområdet.
Vil planen påverke truga og nært truga artar på Norsk raudliste for artar 2015?	Vil ikkje påverke truga og nært truga artar på Norsk raudliste for artar 2015.
Vil planen påverke truga og nært truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018?	Vil ikkje påverke truga og nært truga naturtypar på Norsk raudliste for naturtypar 2018.
Vil planen påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar?	Vil ikkje påverke utvalde naturtypar eller prioriterte artar.
Vil planen påverke verneområder, nærområda til verneområder, marint beskytta områder eller verna vassdrag (jf. verneplan for vassdrag)?	Vil ikkje påverke verneområder, nærområda til verneområder, marint beskytta områder eller verna vassdrag.
Vil planen påverke tilstanden i sjø eller vassførekomstar?	Det er ingen bekkar eller elver i eller i nærleiken av planområdet. Planen vil ikkje påverke tilstanden i sjø eller vassførekomstar.
Vil planen påverke utvalde kulturlandskap?	Planen vil ikkje påverke utvalde kulturlandskap.
Vil planen påverke miljøregistreringar i skog?	Planen vil ikkje påverke miljøregistreringar i skog.
Vil planen påverke inngrepsfrie naturområde (INON)?	Planen vil ikkje påverke inngrepsfrie naturområde (INON).
Vil planen påverke område eller naturtypar som er spesielt verdfulle for naturmangfald?	Det er ikkje kjent at planen vil ikkje påverke område eller naturtypar som er spesielt verdfulle for naturmangfald.

Vurdering etter § 9 Føre-var-prinsippet:

Sentrale tema	Vurdering
Veit ein nok om landskap, økosystem, naturtypar og artar, og om kva slags verknadar det aktuelle tiltaket har for desse?	Ja, tilstrekkeleg kunnskap føreligg.
Er det sannsynleg at tiltaket vil medføre vesentleg (alvorleg eller irreversibel) skade på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Det vil berre verte gjort mindre inngrep i landskapet. Store deler av planområdet er allereie opparbeidd. Det vil verte nokre terrenginngrep, hovudsakleg i sørleg del, men ein skal då søkje å ivareta naturlege

	landskapstrekk. Det er ikkje kjent at tiltaka vil føra til vesentleg skade på økosystem, naturtypar og artar.
--	---

Vurdering etter § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning:

Sentrale tema	Vurdering
Kva slags eksisterande tiltak eller bruk utgjer ei påverking på landskap, økosystem, naturtypar og artar?	Planområdet er for det meste i dag allereie opparbeida. Ein kan ikkje sjå at desse tiltaka har noko nemneverdig påverking på økosystem, naturtypar og artar.
Kva slags framtidige tiltak og bruk i landskapet eller økosystemet som ein har oversikt over kan utgjere ei påverking på naturtypar og artar?	Det vil skje svært få tiltak utanfor areal som allereie er opparbeida. Ein er såleis ikkje kjent med at tiltaka vil påverka naturtypar og artar, då det ikkje er gjort viktige registreringar dette i området.
Kva vil den samla belastninga (effekten) av planen eller tiltaket være, det vil seie eksisterande tiltak og bruk, planforslaget og framtidige tiltak og bruk?	Den samla belastninga av planen vil vere liten. Det vil som tidlegare nemnd skje svært få tiltak utanfor areal som allereie er opparbeida.
Kva veit ein om situasjonen for det naturmangfaldet som råkas på kommunenivå, fylkesnivå og på landsbasis?	Det er ikkje kjent at naturmangfald av stor viktighet vert råka.
Manglar ein kunnskap om verkinga (effekten) av planen sin samla belastning for landskap, økosystem, naturtypar og artar? I så fall må § 9 tilleggas stor vekt.	Nei, tilstrekkeleg kunnskap føreligg.

Side | 27

Vurdering etter § 11 Tiltakshavar betaler:

Paragrafen går på at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket forårsakar, dersom dette ikkje er urimeleg ut frå tiltaket og skaden sin karakter. Kostnadar som tiltakshavar kan måtte kome til å måtte dekke for å få tatt nødvendige naturmangfaldsomsyn kan vere:

- At tiltakshavar vert pålagt å betale for å skaffe meir kunnskap om naturmangfald.
- At tiltakshavar vert pålagt å overvake naturtilstanden.
- At tiltakshavar må velje ein meir kostbar og tidkrevjande teknikk, lokalisering eller driftsform.
- At tiltakshavar får gjennomføre tiltaket, men at det vert gitt pålegg om retting eller avbøtande tiltak som reduserer eller minimerar skadane på naturmangfaldet.

Ein er ikkje kjend med at tiltakshavar må dekke kostnadar knytt til å sikre særskilde naturmangfaldsomsyn.

Vurdering etter § 12 Miljøforsvarlege teknikkar:

Paragrafen går på at for å unngå eller avgrense skadar på naturmangfaldet skal det takast utgangspunkt i slike driftsmetodar og slik teknikk og lokalisering som, ut frå ei samla vurdering av tidlegare, noverande og framtidig bruk av mangfaldet og økonomiske tilhøve, gir dei beste samfunnsmessige resultat.

Det er i planframlegget forsøkt å ivareta dette.

Samla vurdering av naturmangfaldet

Ut frå vurdering etter § 8-12 naturmangfaldslova kan ein ikkje sjå at planforslaget vil ha vesentleg verknad for naturmangfaldet i området. Det er ikkje noko kjend biologisk mangfald i planområdet som har spesiell verdi. Området er i kommunedelplanen avsett til bustad og friområde, og vidare regulert i tråd med dette i gjeldande områdeplan. I planarbeidet har ein nytta viktige informasjonskjelder som naturbase, artskarta til artsdatabanken.no, nasjonal raudliste og lokale observasjonar av naturmangfald. Det er ikkje avdekket konflikthar mellom arealbruksendingane og utvalde naturtypar og prioriterte artar i forslag til forskrift. Endringane er òg vurdert i forhold til naturmangfaldet generelt og registrert kjent lokal kunnskap.

Risikomatriser og akseptkriteria for ROS-analysar som gjeld arealbruk

Vedteke av kommunestyret 14.4.2011

RISIKOMATRISE – arealbruk (LIV OG HELSE)						
N	S5					
Y	S4					
S	S3					
N	S2					
N	S1					
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

RISIKOMATRISE – arealbruk (MILJØ)						
N	S5					
Y	S4					
S	S3					
N	S2					
N	S1					
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

RISIKOMATRISE – arealbruk (ØKONOMI)						
N	S5					
Y	S4					
S	S3					
N	S2					
N	S1					
A						
S		K1	K2	K3	K4	
		KONSEKVENNS				

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen personskadar
K2 – mindre alvorleg	Få og små personskadar
K3 – betydeleg	Få, men alvorlege personskadar
K4 – alvorleg	1 død, og/eller 10 alvorleg skadde, og/eller 250 evakuerte
K5 – svært alvorleg	Meir enn 1 død, og/eller meir enn 10 alvorleg skadde, og/eller meir enn 250 evakuerte

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Ingen miljøskadar eller ureining av omgjevnadene
K2 – mindre alvorleg	Mindre skadar på miljøet som vert utbetra etter kort tid
K3 – betydeleg	Middels alvorlege miljøskadar av stort omfang, eller; alvorlege miljøskadar av lite omfang
K4 – alvorleg	Store og alvorlege miljøskadar
K5 – svært alvorleg	Varig, alvorleg skade på miljøet

S1 – lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år
S2 – mindre sannsynleg	Ei hending per 200 – 1000 år
S3 – sannsynleg	Ei hending per 20 – 200 år
S4 – mykje sannsynleg	Ei hending per 2 – 20 år
S5 – svært sannsynleg	Ei hending per 2 år eller oftare
K1 – ubetydeleg	Skadar for inntil kr 30 000
K2 – mindre alvorleg	Skadar mellom kr 30 000 – 300 000
K3 – betydeleg	Skadar mellom kr 300 000 – 3 000 000
K4 – alvorleg	Skadar mellom kr 3 000 000 – 30 000 000
K5 – svært alvorleg	Skadar for meir enn kr 30 000 000

Naturbasert sårbarheit					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Ekstremvær www.met.no					
1	Sterk vind	S2xK2	S2xK2	S2xK2	Planområdet er ikkje særleg utsett for vind, men det kan førekomma og bygga må utformast for å tåla vindpåkjenning.
2	Store nedbørsmengder				Store nedbørsmengder kan førekome, men dette vert ikkje sett på som noke problem, sjå vedlagt VA-rammeplan.
3	Store snømengder				Store snømengder er sjeldan eit problem i dette kystområdet.
4	Anna				
Flaumfare www.nve.no					
5	Flaum i elvar / bekkar				Ikkje aktuelt då det ikkje er elver eller bekkar i eller i nærleiken av planområdet.
6	Flaum i vassdrag/ innsjøar				Ikkje aktuelt.
7	Overvasshandtering				Skal handterast lokalt ved fordrøyning.
8	Springflod / stormflod				Ikkje aktuelt, då planområdet ikkje ligg ved sjø.
9	Historisk flomnivå				Ikkje aktuelt
10	Anna				
Skredfare www.skrednett.no					
11	Kvikkleireskred				Ingen kjent risiko.
12	Lausmasseskred				Ingen kjent risiko.
13	Is - og snøskred				Ingen kjent risiko.
14	Steinras, steinsprang				Ingen kjent risiko.
15	Historiske hendingar				Ikkje kjent.
16	Anna				
Byggegrunn www.ngu.no					
17	Setningar				Ikkje aktuelt.
18	Utglidningar				Ikkje aktuelt.
19	Radon				Det er ikkje kjent at området er utsett for høge radonverdiar. Etter TEK17 vert nye bygg sikra tilstrekkeleg mot radon.
20	Anna				
Plante og dyreliv www.dirnat.no					
21	Planter				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
22	Dyr				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
23	Fuglar				Ingen sårbare artar registrert i naturbase
24	Anna				
Kulturområde www.kulturminnesok.no					
25	Freda kulturminne				Ingen registrert eller påvist.
26	Sefrak-bygg				Ingen registrert eller påvist.
Verksemdbasert sårbarheit					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Brann/eksplosjon					
27	Brannfare	S2xK3	S2xK2	S2xK3	Det vert planlagt for undervisningsbygg, barnehage og forsamlingslokale. Ein må forholde seg til gjeldande krav for materialbruk, avstand, etc.

					Det er ikkje vurdert at området er særleg brannutsett. Lindås og Meland brannvern ligg på Alverflaten, mindre enn 1 km frå planområdet.
28	Eksplsjonsfare				Det er ikkje planlagt for tiltak som kan gje eksplsjonsfare.
29	Anna				
Energitransport					
30	Høgspenning				Ingen kjent risiko.
31	Lågspenning				Ingen kjent risiko.
32	Gass				Ikkje aktuelt.
33	Anna				
Forureina vatn					
34	Drikkevasskjelde				Ingen kjent risiko.
35	Sjø, badevatn, fiskevatn, vassdrag og liknande.				Ingen kjent risiko
36	Nedbørsfelt				Ingen kjent risiko.
37	Grunnvassnivå				Ingen kjent risiko.
38	Anna				
Forureining - grunn					
39	Kjemikalieutslepp				Ingen kjent risiko.
40	Anna				
Forureining - luft					
41	Støv/partiklar/røyk				Ingen kjent risiko.
42	Støy	S3xK2			Det er noko trafikkstøy frå tilgrensande vegar.
43	Lukt				Ingen kjent risiko.
44	Anna				
Friluftsliv og tilgjenge til sjø http://www.hordaland.no					
45	Fri ferdsel langs sjø				Ikkje aktuelt.
46	Friluftsliv				Det går stiar/gangdrag gjennom området. Desse er sikra i planen.
47	Anna				

Sårbarheit knytt til infrastruktur					
Nr	Uønskt hending/forhold	Potensiell risiko for:			Merknad
		Liv og helse	Miljø	Økonomi	
Trafikkfare http://www.vegvesen.no					
48	Trafikkulykker på veg	S2xK2	S2xK1	S2xK2	Det er fortau som leier inn til planområdet og trafikktryggleik for mjuke trafikantar er såleis ivareteke.
49	Anna				
Forureining					
50	Støv/partiklar				Ingen kjent risiko.
51	Støy	S3xK2			Det er noko trafikkstøy frå tilgrensande vegar, sjå vedlagt støyrapport.
52	Lukt				Ingen kjent risiko.
53	Utslepp/kjemikalier				Ingen kjent risiko.
54	Anna				
Ulukker på nærliggjande vegar/transportåre http://www.vegvesen.no					
55	Veg	S2xK3	S2xK2	S2xK2	Det er registrert fleire ulukker på fylkesvegen nord for planområdet, men ingen ulukker på den kommunale vegen ved planområdet.
56	Sjø				Ingen kjent risiko.
57	Luft				Ingen kjent risiko.
58	Anna				

Risikomatriser - oppsummering

Raud	Medfører uakseptabel risiko. Her skal risikoreducerande tiltak gjennomførast, alternativt skal det utførast meir detaljerte ROS-analyser for å avkrefte risikonivået.
Gul	ALARP-sone, dvs. tiltak skal gjennomførast for å redusere risikoen så mykje som mogleg. (ALARP=As Low As Reasonable Practicable). Det vil vera naturleg å legge ei kost-nytteanalyse til grunn for vurderinga av ytterligare risikoreducerande tiltak.
Grøn	I utgangspunktet akseptabel risiko, men ytterligare risikoreducerande tiltak av vesentleg karakter skal gjennomførast når det er mogleg ut i frå økonomiske og praktiske vurderingar.

Side | 31

RISIKOMATRISJE - arealbruk (LIV OG HELSE)						
SANNSYN	S5					
	S4					
	S3		42,51			
	S2		1,48	27,55		
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENNS						

RISIKOMATRISJE - arealbruk (MILJØ)						
SANNSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2		48	1,27, 55		
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENNS						

RISIKOMATRISJE - arealbruk (ØKONOMI)						
SANNSYN	S5					
	S4					
	S3					
	S2		1,48, 55	27		
	S1					
		K1	K2	K3	K4	K4
KONSEKVENNS						

Oppsummering ROS-analyse:

Det er ingen særskilde risikomoment som går fram av ROS-analysen.

10 MERKNADAR

10.1 SAMLA MERKNADAR

Nr	Avsendar	Dato
	Offentlige instansar	
1	Hordaland fylkeskommune	08.11.2016
2	Fylkesmannen i Hordaland	11.11.2016
3	Statens vegvesen	11.11.2016
4	Noregs vassdrags- og energidirektorat	14.11.2016
	Private	
5	Arthur Træen m.fl.	11.11.2016
6	Eli og Ivar Uglens, Arthur Skar, Else Karin Lunde Skorpen og Olav Magnar Skorpen, Tone J. Røssang Kleivdal og Lars Tore Kleivdal og May-Lin og Steinar Aakvaag	12.11.2016

Merknadene er oppsummert og kommentert i vedlagt i merknadsskjema.

11 FORSLAGSSTILLER SIN AVSLUTTANDE KOMMENTAR

Planforslaget legg til rette for å omstrukturere eksisterande aktivitet i bygga på Nordhordland Kristne Grunnskole i tillegg til at det vil leggjast til rette for eit nytt bygg nord i området innanfor BU1. Innanfor BU1 vil ein i planforslaget leggje til rette for ein ny fleirbrukshall. Fleirbrukshallen vil då dekke dei same behova som tidlegare forsamlingslokale innanfor BU2 har gjort og gje skulen ei oppgradering for elevar, lærarar og andre tilsette. Fleirbrukshallen vil gje godkjend gymsal, garderobe og dusjanlegg, plass for storsamlingar i skulen, plass for foreldremøte, skulekjøkken/ kjøkken for valfaget kantine, foajé for bruk til eteplass og mingleplass for elevane. Fleirbrukshallen vil også kunne nyttast til ulike arrangement og forsamlingslokale utanom skuletida. Det gamle forsamlingslokalet innanfor BU2 vil bli gjort om til klasserom som vil gje betre tilhøve for elevar og lærarar ved at ein kan få kan fleire/ større klasserom og grupperom, samt betre plass til kontor til lærarar og administrasjon. Ein vil i planforslaget såleis ikkje legge opp til ny eller auka drift/ bruk av området, men gje eksisterande skule betre arbeidstilhøve og tilbod. Bruken/ aktiviteten i skulebygga vert berre gjort om på/ flytta på innanfor tilgjengeleg areal og ein vil få meir areal slik at tilhøva for elevar og tilsette vert betre. Ein del av dagens parkering er også flytta sør i planområdet til SPP2. Dette vil vere positivt for trafikktryggleiken for borna på skulen og i barnehagen og minimere trafikken ved skulebygningane.

I sør innanfor BUT vert det lagt til rette for eit nytt stort ute- og leikeareal til skulen som vil gje skulen eit betre og større uteområde. Tanken er også at dette området kan nyttast av borna som bur i nærleiken utanom skuletida og vil vere eit positivt tiltak for heile nærområdet.

Stølsmarka

Detaljregulering:
gnr. 137 bnr. 344, 693, 723 m.fl.
Lindås kommune

Tiltakshavar:
Nordhordland Bibelsenter

Konsulent:
Ard arealplan as
Nygårdsgaten 114
5008 Bergen
+47 55 31 95 00
www.ardarealplan.no

Utarbeidd av:
Hedvig Godvik Olsen
Sandra Aleksejeva

Layout:
Jørgen Håland